

Årsmelding OIL Oppsummering frå friidrettsesongen 2010.

Styret for 2010 har vore: Leiar: Åse Bergheim Nestleiar/sportsleg leiar: Mats Eirik Elvik
Kasserar: Ole Johannes Mjøs Skrivar: Annette Bru Oppmann gitar/jenter: Sonja Loftås
Oppmann junior/senior: Bjarte Lohne Vararepr. 1: Jørn Vad Vararepr. 2: Kjetil Stokke
Utanfor styret/ikkje møteplikt: Arrangementsansvarleg: Karl Johan Reigstad

Medlemstal: Pr. 01.01.2011 har gruppa 235 betalende medlemmar (222 i 2010).

Administrasjon: Styret har i driftsåret 2010 hatt 8 styremøte og handsama rundt 60 saker på desse møta. Typiske saker har vore: Stemmer/arrangement, trening/ samlingar, samt økonomi. Alle møta har blitt halden i klubbhuset på Hatland. NCC-lekene 2010: Det vart i løpet av 2010 lagt ned eit stort arbeid med arrangementet NCC-lekene slik som i 2009 – ein kretskamp mellom Sogn & Fjordane, Hordaland, Rogaland og Agder med rundt 200 deltakarar. Det var nok eit år med stor suksess og mange lovord frå krets og forbund, noko me skal vera svært stolte over. Over 100 funksjonærar var delaktige på ein eller annan måte frå tidleg fredag til seint sundag. Dette arrangementet er sjølv bærebjelken i økonomien til friidrettsgruppa.

Arrangement: Til saman har friidrettsgruppa hatt 56 arrangement (48 i 2009). Dette omfamnar alt frå karusellstevne på Osterøy stadion (11 stk.) til Osterøybruløpet og Brakvatne halvmaraton. I tillegg 13 løp med Valestrandsmarka rundt og 10 løp med Haustrimmen. Ansvarlege for dei ulike arrangement, dommarar, tidtakarar, startarar, andre funksjonærar og mange medhjelparar har gjort ein framifrå innsats. Sportsleg: Friidrettsgruppa har hatt eit godt sportsleg år med mange medaljar i store stevne som UM og junior NM, samt norsk meister i halvmaraton. Gull i Junior NM på 1000 meter stafett og Hilde Aasheim sitt gull på halvmaraton var nok dei største oppturane i løpet av sesongen. Me ser ei utruleg breidde med eit godt trenerteam i gruppa som mange klubbar kan misunna oss. Me ser at det yrar blant dei små også og at framtida ser lovande ut om desse fortset i åra som kjem. Eit godt representativt bilete på friidrettsgruppa, har ein på måndagstreningane på bana og i hallen, der det er om lag 100 store og små tilstades. Gruppa har vakse med nokre medlemmar og me har nok rekruttert nokon gjennom både skulestevne, "Friidrett i skulen" prosjektet til Helga Reigstad og gjennom friluftsløypene. Arbeidet med å rekruttera til gruppa er både ei utfordring og ein takksam jobb å gjera!

Økonomi: Gruppa har klart seg nokolunde bra økonomisk i år også trass i at det vart eit underskot på om lag 67 000 kr. Hovedinntektskjelda er NCC lekene med eit overskot på om lag 140 000 kr. Dette er ca 20 000 kr. mindre enn fjortårets arrangement. Likevel eit kjempegodt resultat. Me ser at gruppa vert meir og meir "sårbar" om me ikkje har dei store stevna og sponsorane på plass. Det som har gjort utslaget på kostnad-sida i år er lån til Fugledalen, noko som utgjorde om lag 35 000 kr. samt investering i eit felles intranett, ein kostnad på om lag 34 000 kr. Dette var kostnadar som kom i etterkant av budsjettet som vart godkjent på årsmøtet. Dette er to av hovudgrunnane til det negative resultatet. Elles holdt me budsjettet på dei aller fleste postane.

Styret takkar alle som har gjort ein innsats for gruppa i året som har gått og ynskjer Dykk lukke til med neste sesong!

Lonevåg 20.februar 2011 Åse Bergheim Leiar